

# **UNESCO GLOBAL GEOPARK I HAFS-REGIONEN**

## **SØKNAD OM FORPROSJEKT TIL SOGN OG FJORDANE FYLKESKOMMUNE**

### **1. BAKGRUNN OG MÅL**

#### **BAKGRUNN**

Det finst i dag 3 UNESCO-ordningar som spesielle landskap/kulturminne kan søkje om å få godkjenning på: Verdsarv, Biosfærereservat og Geopark. Geopark vart innført i 2015 og er den yngste kategorien. Det er ei ordning for landskap med internasjonal framifrå geologi som kan oppnå status som UNESCO Global Geopark (UGG).

Formålet med ein UGG er å vere motor for ei berekraftig utvikling som resulterer i verdiskaping basert på natur- og kulturarven. UNESCO-varemerket er ein garanti for regionen sin unike geologiske arv og kvalitet.

Geologien i HAFS-regionen er i fagkretsar godt kjend og definert som spesielt interessant og framståande, også i internasjonal samanheng. I følgje ekspertar oppfyller HAFS-regionen krava til UNESCO når det gjeld det å ha ein framifrå geologisk arv.

Interessant er dessutan at det i Nordhordland vert jobba for å etablere Noregs første biosfærereservat. Verdsarvstader finst allereie i Bergen, Nærøyfjorden og på Urnes. Med ein UGG i HAFS ville alle 3 ordningar vere representert i det same fylket (etter Regionreforma) og alle kan gjennom eit tett samarbeid gjensidig utnytte dette m.a. i si marknadsføring.

I ein forstudie<sup>1</sup> som Regionrådet i HAFS nyleg har gjennomført, blir det tilrådd å satse på ein UGG, samtidig som vegen vidare der blir grovt skissert. Etter framlegging av forstudierapporten vart det gjort eit eige vedtak i Regionrådet:

#### **Samrøystes vedtak:**

*HAFS Regionråd etablerer ei arbeidsgruppe som med bakgrunn i forprosjektet får i oppdrag å arbeide vidare med følgjande spørsmål:*

- *Eigarskap*
  - *Organisasjons- og finansieringsform (også finansiering etter hovudprosjektet)*
  - *Rolleavklaring til aktørar som Norsk Kvernsteinsenter, Sognefjorden Kystpark, Fjordkysten Friluftsråd, Visit Fjordkysten osv.*
  - *Statleg og fylkeskommunal medfinansiering.*
- Arbeidsgruppa sin konklusjon vert lagd fram for regionrådet som tek stilling til om ein skal arbeide vidare framover mot realisering av eit hovudprosjekt.*

<sup>1</sup> UNESCO Global Geopark i HAFS-regionen: Eit nytt fyrtårn for HAFS og Sogn og Fjordane?

<https://kvernsteinsparken.files.wordpress.com/2018/01/kvernsteinsparkens-skrifter-3-2018-unesco-global-geopark-hafs-forprosjekt.pdf>

*Arbeidsgruppa vert samansett av Franziska Rüttimann frå Norsk Kvernsteinsenter, ein representant frå Sognefjorden Kystpark, sekretæren for HAFS Regionråd og leiar i regionrådet Gunhild Berge Stang. Det vert sett av kr. 50.000,- av RUP-midlane for 2018 til gjennomføring av dette arbeidet.*

Som følgje av dette vedtaket avgjorde Regionrådet å leggje sin studietur for året til nokre samanliknbare parkar i Europa. Denne studieturen er gjennomført.<sup>2</sup>

Arbeidsgruppa har arbeidd vidare med dei spørsmåla som vart reist i mandatet, og dei har kome med sine tilrådingar:

*HAFS Regionråd går vidare i sitt arbeid, ved at det blir starta opp eit eige forprosjekt om å etablere ein UGG i HAFS. Målet med forprosjektet er:*

1. *Endeleg konklusjon om eigarskap, organisasjons- og finansieringsform til Geoparken.*  
Medan det i forstudien vart skissert moglegheiter og potensiale for ein framtidig UGG i HAFS, vil arbeidsgruppa at det i forprosjektet skal utarbeidast konkrete realiseringarforslag.  
Eit sentralt krav frå UNESCO si side er at langtidsfinansieringa til ein UGG er sikra. Gjennom forprosjektet skal moglegheitene for dette avklarast.
2. *Geoparken skal byggjast på den eksisterande Regionalparken «Sognefjorden Kystpark»* som er organisert som eit lag. Med unntak av Gulen er alle HAFS-kommunane og Gauldal kommune medlem i Kystparken. Regionalparkar liknar mykje på Geoparkar gjennom at dei også har som mål å utvikle ein region på ein berekraftig måte, basert på den rike natur- og kulturarven som finst der. Å opprette både ein Regionalpark og ein Geopark i same region er lite meaningsfullt, så dei to konsepta bør foreinast – noko som styret / medlemene i Kystparken er positive til. Som døme i Tyskland viser, er det ingen motsetning i at ein park kan vere både Geopark og Regionalpark. Tvert om er det lettare å sikre finansieringa ved å organisere seg slik. I forprosjektet skal det derfor takast utgangspunkt i at Kystparken skal vidareutviklast til ein Geopark.
3. *Lage eit konsept for Geoparkens oppbygging og oppgåver og førebu eit hovudprosjekt som leier til ein UNESCO-Geopark i HAFS.*
4. *Resultata frå forprosjektet skal presenterast for kommunane og fylkeskommunen slik at dei kan ta ei endeleg avgjerd for eller mot satsinga.*

## MÅL

**Hovudmålet med forprosjektet er å førebu eit hovudprosjekt som viser korleis ein UNESCO Global Geopark kan realiserast i HAFS-regionen.**

Rapporten frå forprosjektet skal gje grunnlag for dei involverte kommunane (noverande Gulen, Solund, Hyllestad, Fjaler, Askvoll og Gauldal) og Sogn og Fjordane fylkeskommune for å ta ei avgjerd for eller mot satsinga. Om aktørane går for ei satsing, skal neste skritt vere eit hovudprosjekt der Geoparken vert realisert.

---

<sup>2</sup> Sjå: <https://kvernsteinsparken.no/2018/09/23/unesco-global-geopark-i-hafs-studietur-til-italia-og-sveits/>

Forprosjektet har desse delmåla:

- 1) Utarbeide eit **konsept** for korleis ein HAFS-UNESCO Global Geopark i si endelege form skal vere organisert, finansiert og driftast.
- 2) Utarbeide eit framlegg til **hovudprosjekt** med finansieringsforslag. Dette er vegen til å realisere Geoparken (slik det er skissert i punkt 1)

## 2. TILTAK I FORPROSJEKTET

For å oppnå dei to delmåla skal det gjennomførast 7 tiltak. Eit sentralt krav frå UNESCO si side er at Geoparken er forankra i lokalsamfunnet, derfor skal ein allereie i forprosjektet, med hjelp av workshops og samlingar, involvere befolkninga slik at idear frå «grasrota» blir ein del av Geoparkkonseptet.

### 1) Undersøkingar om oppgåvene og krav til ein UNESCO Geopark – og til ein norsk Geopark

I Noreg er det mogleg å få godkjenning som «norsk Geopark»<sup>3</sup> og etterpå søkje om å bli UNESCO Geopark. For å oppnå dette er det viktig å kjenne til alle krav og oppgåver knytt til norsk resp. UNESCO Geopark (t.d. faglege krav, definering av geolokalitetar, framlegg til Geoparksenter, informasjonspunkt osv.) og definere korleis dette kan bli løyst for ein HAFS Geopark.

Det skal gjennomførast grundige undersøkingar om dette, m.a. gjennom å studere og konsultere andre Geoparkar som har gått gjennom same prosessen.

### 2) Geoparken sin organisasjons- og finansieringsmodell

Det finst forskjellige organisasjonsmodeller for Geoparkar (IKS, AS, foreining, stifting osv.). Det skal lagast ei oversikt over alle modellar. Desse skal diskuterast med rådmenn (o.a.) i dei involverte kommunane og med fylkeskommunen. Målet er å finne den løysinga som av alle involverte partar opplevast som den beste.

### 3) Definere eit utval Geopark-lokalitetar/sites (geologisk og ikkje-geologisk)

Alle Geoparkar må ha fleire «geosites» / geolokalitetar i landskapet der regionen sin natur- og kulturarv vert formidla. I forprosjektet skal ein lage ei liste over eksisterande lokalitetar som kan passe inn i Geoparken og gje ei oversikt over nye Geosites som kan/bør vere med i Geoparken sitt formidlingsopplegg.

I kvar kommune skal det gjennomførast ein workshop med representantar frå kommunen (kulturkonsulent el.l.), reiseliv, kultur, lag/organisasjonar der ca. 3 geosites i kvar kommune skal plukkast ut. Det skal samlast idear for formidling (sti, app, tavler, kunst osv.). Dette kan vere eksisterande «sites» som kan oppgraderast eller nye stader.

### 4) Samle idear for forumssamarbeid i Geoparken på tvers av kommunane

---

<sup>3</sup> Sjå: <https://www.ngu.no/emne/norske-geoparker>

Geoparken skal vere ein pådrivar for berekraftig næringsutvikling. For å oppnå dette målet har andre parkar etablert såkalla tematiske «samarbeidsforum» (t.d. om energi, jordbruk, formidling/guiding, reiseliv osv.) som blir styrt av engasjerte innbyggjarar innanfor desse bransjane. I forprosjektet skal det samlast idear for moglege forum som t.d. landbruk, reiseliv, lokalmat, akvakultur osv. Det skal samlast personer i heile HAFS med liknande interesser, og det skal utviklast idear for å heve kvalitet, tilbod og inntektsmogleheter innanfor bransjane.

## **5) Utarbeide konsept for HAFS-Geopark – grunnlag for hovudprosjekt**

Med resultat frå punktane 1-4 skal det utarbeidast eit konkret konsept, med handlingsplan, for alle oppgåver/tiltak som er naudsynte for etablering av ein HAFS-Geopark. Dette konseptet skal kvalitetssikrast gjennom eit fagleg råd. Det faglege rådet skal bestå av representantar for institusjonar som den framtidige Geoparken ønskjer å ha som partnarar (sjå punkt 3 nede). Konseptet blir tilpassa etter anbefalingane til det faglege rådet.

## **6) Inkludering av kommunestyre/formannskapet i kommunane**

Formannskapa i HAFS-kommunane skal på eit felles møte i starten av 2019 bli orientert om Geopark-ideen og arbeidet. Til dette møtet skal Eivind Brenna, styreleiar i Norske Parkar (overordna organisasjon for alle Regionalparkar i Noreg) og Pål Thjømøe, koordinator for norske geoparkar, inviterast for å orientere.

Etter at punkt 5 er fullført skal alle kommunestyra få presentert det ferdige konseptet og dei skal framleis ha moglegheit til å komme med forbettingsforslag. Det endelige konseptet blir utarbeidd etter at alle kommunestyra har uttala seg.

## **7) Kartlegge finansiering hovudprosjekt**

Parallelt med arbeidet i punkt 1 – 6 skal det kartleggjast korleis eit 4-årig hovudprosjekt kan finansierast.

### **Kva skal skje etter forprosjektet?**

31.5.2019	Forprosjektet er avslutta
Juni 2019	Presentasjon av resultata for HAFS-Regionråd og fylkeskommunen Avgjerd om vegen vidare.
Aug. 2019	Oppstart førebuing hovudprosjekt: Sikre finansiering/sende søknader
April 2020	Finansiering hovudprosjekt avklart
Mai 2020	Oppstart 4-årig hovudprosjekt (mai 2020 til mai 2024) <i>-Bygge opp Geoparkorganisasjonen</i> <i>-Realisere Geosites og besøkssentrum/infopoints</i> <i>-Lage forvaltingsplan for kultur- og naturarven</i> <i>-Bygge opp partnarnettverk og produktutvikling</i>
Mai 2023	Geopark er oppretta og i drift. Godkjend som Norsk Geopark.

Juni 2023	Det siste hovudprosjektåret blir nytta til å skrive søknad til UNESCO om godkjenning som UGG. Året blir også nytta til å sikre langtids-finansiering av geoparken.
Juni 2024	Sende inn søknad til UNESCO om Geopark-godkjenning. Etter at søknaden er sendt inn må ein rekne med minst 1 år inntil ein oppnår godkjenning.
Juni 2025	Godkjenning som UNESCO Global Geopark.

### 3. PROSJEKTORGANISERING

Det skal oppretta både styringsgruppe og fagleg råd for å forankre den framtidige Geoparken hos alle aktørar som ein ønskjer å involvere. Styringsgruppa skal bestå av representantar for dei framtidige eigarane til Geoparken, og det faglege rådet skal vere samansett av potensielle partnarar til Geoparken.

**Prosjektansvarleg:** HAFS-Regionråd, leiar Gunhild Berge Stang (ordførar i Fjaler kommune) 6963 Dale, tlf. 976 53 785, gunhild.berge.stang@fjaler.kommune.no

**Prosjektleiar og rekneskapsansvarleg:** Musea i Sogn og Fjordane, avd. Norsk Kvernsteinsenter, avdelingsdirektør Franziska Rüttimann, 6957 Hyllestad, tlf. 458 71 940, franziska.ruettimann@misf.museum.no

**Prosjektmedarbeidarar:**

Per Arne Tveit, sekretær HAFS-Regionråd  
Per Storemyr, førsteamanns Norsk Kvernsteinsenter  
Trude Søilen, styreleiar Sognefjorden Kystpark  
Fleire etter behov

**Styringsgruppe:**

HAFS-Regionråd  
Representant for Sognefjorden Kystpark  
Jan Heggeheim, Sogn og Fjordane fylkeskommune

**Fagleg råd:**

Marita Solheim, dagleg leiar Visit Fjordkysten  
Bjarte Engevik, dagleg leiar Fjordkysten Friluftsråd  
Kristin Rangnes, dagleg leiar Gea Norvegica og styremedlem i UNESCO Global Geoparks Council  
Tom Heldal, avdelingsdirektør Norges Geologiske Undersøkelse  
Representant for Universitetet i Bergen, institutt for geovitenskap  
Representant for høgskulen på Vestlandet, faggruppe for geologi  
Roar Vangsnes, distriktsenteret  
Kristian Bjørnstad, sekretær Norske Parker  
Fylkeskonservator, Sogn og Fjordane fylkeskommune  
Representant for Fylkesmannen i Sogn og Fjordane

## 4. TIDSPLAN

Prosjektstart: 1.11.2018

Prosjektslutt: 31.5.2019

Tidspunkt for rapportering: 31.5.2019

### Oversikt tidsplan

Tiltak	Nov	Des	Jan	Feb	Mars	April	Mai	Juni
1) Undersøking oppgåver/krav Geopark								
2) Organisasjonsmodell								
Presentasjon for rådmenn								
3) Geolokalitetar								
Workshop i kommunane								
4) Forumssamarbeid								
5) Konseptutarbeiding								
Presentasjon for fagleg råd								
6) Kommunestyre/formannskap								
7) Finansiering hovedprosjekt								
8) Møte styringsgruppa								

## 5. ØKONOMI

Budsjett: Sjå eige dokument

Finansieringsplan: Sjå eige dokument